

# Møtereferat

**Deltakarar:**

Bremanger kommune: Anne Kristin Førde, Tom Joensen, Randi Ytrehus, , Anita Brevik  
Helse Førde, Stian Sægrov, John Ellingsund  
Kinn kommune; Kjell-Arne Nordgård,

**Forfall:** Hilde Greta Hauge, Tom Guldhav, Kristian Bøyum Ulvund, Robert Brennersted

**Kopimottakarar:** Arve Varden,

**Møteleiar:** Stian Sægrov

**Møtedato:** 12.09.2023

**Klokkeslett:** 13:00-14:30

**Møtestad:** Teams

**Arkivref:** 2022/7390 - 39068/2023

---

## Referat - halvårleg evaluering av utviklinga av tilbodet innan dei prehospitala teneste i Bremanger

<b>Sakliste</b>
<b>Godkjenning av sakliste</b>  Saklista vart godkjent.  Semje om å tilføre følgande punkt under andre forhold: <ul style="list-style-type: none"><li>• Samarbeidsprosjekt med kommunane</li><li>• Orientering om oppfølging / dialog med Pasientreiser</li><li>• Brukerundersøking</li></ul>
<b>Erfaringar med ordninga</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Helse Førde sitt inntrykk er at organiseringa har gått seg til.</li><li>• Stabil aktivitet for bil og båt.</li><li>• Open dag i Iglandsvik i juli og Kalvåg i august.</li><li>• I samband med kystfestivalen låg ambulansébåten i Kalvåg heile helga. Gode tilbakemeldingar frå både eige mannskap og publikum/innbyggjarar.</li><li>• Helse Førde har avklart at vi går for Kalvåg som heilsårs-destinasjon og ikkje lenger ser på Smørhamn som base for bil på vinterstid.</li><li>• Dialog med grunneigar i Kalvåg om leige av garasje.</li><li>• Roseflora har fått utvida passasjersertifikat av Sjøfartsdirektoratet. Kan gå i 20 knop i inntil 2,75 meter signifikant bølgehøgde.</li><li>• Helse Førde planlegg for ei orientering i styremøte i slutten av september, ev oktober.</li></ul> Sidan sist møte er det ikkje kome klager på ordninga.
<b>Gjennomgang av aktivitetstall Helse Førde (ambulansebil, ambulansébåt)</b>

Frå 1.7.2022 har ambulansetenesta tatt i bruk elektronisk ambulansejournal, saman med resten av tenestene i Helse Vest. Alle data vert no henta frå dette systemet og datavarehuset i Helse Vest. Helse Vest utviklar eit rapportsentert for styringsdata som no er i testfase. Data som blir presentert i ny modell er frå 1.1.2023. Det er vanskeleg å framskaffe/utlevere data på same detaljnivå (grende-nivå) som tidlegare, i og med at desse data no er kopla mot person/pasientopplysningar.

Luftambulansetenesta har også gått over til nytt system for rapportering.

Vi er ein overgangsfase, som har gjort det krevjande å kunne framstille og samanlikne data frå 2022 til 2023. Dette vil no betre seg når løysinga vert produksjonssett.

Det var omsnakka om å prøve å hente ut data frå luftambulanse og redningshelikopter. T.d. førespurte oppdrag, gjennomførte oppdrag fordelt på indre og ytre Bremanger, samt avviste oppdrag (medisinsk vs vær). Ønske er for å sjå om bruken er som før endringa eller om terskel kan vere heva eller senka. Det er manuelt arbeid og tidkrevjande. Det er råd å hente ut tal frå ambulansetenesta på gjennomførte oppdrag med levert til luftambulanse. Helse Førde ettersender tal.

Viser til eigen vedlagt presentasjon for aktivitetstall som vart gjennomgått av Sægrov i møte.

Det vart vist tal og statistikk på belastning på dei ulike ambulanseressursane fordelt på stasjon, eller ambulanseressurs, fordelt på døgnkurve.

Aktiviteten er stabil sjølv om tala svingar litt frå månad til månad. Nedgang i aktivitet i særleg juli-månad 2023, slik det og var for resten av føretaket sitt dekningsområde. Svelgen og båtambulanse har ein auke igjen i august. Kvit bil har henta 7 og levert pasientar 16 til Bremanger kommune til no i 2023.

Eigne rapportar for belastning på vekedagar og helg. Tenesta har større belastning på natt i helg enn elles i veka.

Samanlikna med resten av helseføretaket ser ein at ressursane i dette område har lågare belastning enn snittet av Helse Førde. Høg grad av belastning vil auke grad av sannsynlegheit for samstundes-konflikt og ev økning i responstider. Såleis er denne rapporten viktig for å måle grad av beredskap / kapasitetsbelastning.

Beredskapsbil i Leirgulen har ikkje vore nytta i perioden. Helse Førde tar opp i møte om kommunen har innvendingar mot ev flytting av denne bilen til Svelgen. Bakgrunnen er minimal bruk. Vidare er det vel så realistisk å få bruk for bilen i Svelgen, ev å få til avtale med brann og redning om å få køyrt ut bilen til Leirgulen ved eit reellt tilfelle. Beredskap og ettersyn av bil, samt tilgang til denne som reservebil ved driftavbrot på ordinær ambulanse gjer at HFD ser dette som ei meir tenleg løysing. Det er ikkje innvendingar frå Bremanger til dette i møte men ein må gjerne gjere ein avsjekk med brann og redning i høve kapasitet og belastning. Avtaler vidare dialog. Nordgård støttar argumentasjon og vurderingane frå Helse Førde. Sægrov vil ikkje forhaste seg knytt til dette forslaget, og ser det som viktig å unngå misnøye. Difor etterspør ein synspunkt og ynskjer dialog, ev plan for informasjon.

Kommentar til aktivitetsgrunnlag:

Nordgård: støttar at aktivitetstalla er små og gir månadlege variasjonar. Lest ut av tala har ikkje omlegginga gitt omkringliggande ressursar auka belastning. Ressursar må ha aktivitet og ei viss grad av samstundeskonfliktar må påreknast. Opplever det som betryggande at HFD har gjort preventive tiltak og flytta beredskap både i uvær og ved større arrangement.

Bremanger kommune:

Takkar for gjennomgang. Opplever at tala viser at innbyggjarane jamt over får gode helsetenester, sjølv om enkeltpersonar framleis vil hevde at ordninga ikkje er tilstrekkeleg. Tala er mykje like det ein fekk presentert i førre evaluering.

### **Erfaringar frå Florø Legevakt**

Kinn kommune opplever at ordninga fungerer godt. Nordgård seier han høyrer lite og tar det som eit signal på at ordninga fungerer bra. Opplever at dialogen er god og m.a. har gode prosessar for å handtere avvik opp mot dagleg drift, når slikt oppstår.

Legane i Florø har opplevd å bli med båtambulansen. Opplever at ordninga i seg sjølv fungere godt også for legane. Legane og ambulanse samhandlar også om BEST-trening.

Nordgård fortel at legevaksordninga er meir under press enn tidlegare. Dette har samanheng med høg belastning, permisjonar og noko sjukefråvær som skapar utfordring i drifta.

### **Tilbakemeldingar frå Bremanger kommune**

Og i Bremanger er jamt over tilbakemeldinga at ordninga fungerer i samsvar med skisserte endringar. Administrasjonen høyrer lite om ordninga og tolkar dette som at misnøye har stilna.

Brevik har etterspurt i møte med sine respektive leiarar om dei har innspel eller konkrete saker, noko som ikkje er meldt inn. Det har vore fokusert på innhenting av faktagrunnlag dersom konkrete hendingar.

Kommunen har framleis legevaksatelitt i Svelgen. Utrykker at det i periodar er krevjande å sikre bemanning og at noko nedetid kan førekome. Dette vert i tilfelle varsla om til SYS IKL og legevakt i Florø.

Kommunen etterspurte om kvit bil framleis var prøveordninga. Ordninga er gjort permanent og ligg organisert til AMK Førde.

Kommunen har fått ei avtale med ein 5.lege, ein lege med lisens som kan avlaste å ta vakter. Håpar på sikt at denne kan inngå og bidra med å ta vakter også på Florø legevakt.

Kommunen har fått tilsendt eit brev/klage i førre veke, som er sendt vidare til Helse Førde.

### **Risiko og beredskap (opp mot gjeldande plan for risikovurdering)**

Basert på vedtaket i styresak og førre halvårlege evaluering er det utforma ei risikovurdering som vert nytta som mal. Helse Førde vil basere evaluering av endringane ut frå risikoanalyse og dei identifiserte risikoområda: responstid, samstundeskonfliktar, infrastruktur, ekstremvær, storulykker, kompetent personell, medarbeidarkvalitet, medverknad frå andre aktørar i den akuttmedisinske kjeda.

I møte var ein innom dei ulike risikoforholda. Det var ikkje merknadar til framlegget, sjå vedlegg i presentasjon. Om kommunane har ytterlegare synspunkt til risikovurdering vert ein beden om å ta kontakt.

### **Handsaming av sak Statsforvaltaren, daglegevakt i Bremanger**

Helse Førde sendte ved årsskifte ei sak til Statsforvaltaren i samband med organisering av daglegevakt. Statsforvaltaren har fått orientering frå Bremanger kommune og har avslutta saka med nokre presiseringar m.a. knytt til ØH plikt for legane sine listepasientar.

Helse Førde har nyleg sendt over nokre samhandlingssaker og håpar det kan vere råd å få til dialog med legane om praksis knytt til å vurdere pasientar som ambulansepersonell meiner bør få ei legetilsyn ved næraste legekontor. Omfanget vil vere svært avgrensa og kan vanskeleg påverke belastninga i særleg grad.

Kommunen orienterte om at fleire av daglegevaktene framover vert i Svelgen. Kommunen har presisert skrivet frå Statsforvaltaren til legane og forventa at dette vert etterlevd. Ut over dette er kommunen usikker på om ein på noverande tidspunkt kjem lenger i å få på plass endra rutiner/betre samarbeid med legane knytt til å vurdere ØH pasientar.

Nordgård oppmodar og kommunen til å setje krav til legane sine og tykkjer slik saka er framstilt at det er trasig for pasientane om ein ikkje få til eit betre pasienttilbod og samhandling i dei få tilfella dette dreiar seg om.

### **Andre forhold/ ymse**

- **Samarbeidsprosjekt med kommunane**

I evaluering av utvikling av tenestetilbodet skal ein identifisere forhold som kan utvikle samarbeidet i dei prehospitale tenestene.

Helse Førde orienterte om at Helse Vest har fått eit tilleggsoppdrag frå HOD som med frist til 20.12.2023 skal levere innspel til stortingsmelding innanfor prehospital område. Om kommunane har innspel til samarbeid innanfor tenesteområde – ber vi om innspel til dette. Dette vil og bli presentert i akuttmedisinsk samhandlingsmøte i slutten av september.

- **Orientering om oppfølging / dialog med Pasientreiser**

I førre møte var det oppe ei sak ang pasientreise der både Bremanger kommune og Kinn kommune har opplevd Pasientreiser ved enkeltsaker som for regelstyrt og lite pasientvenleg. Administrerende direktør har hatt dialog med avdelingssjef ved Pasientreiser knytt til dette.

- **Brukerundersøking**

Kommunen tok opp eit ønske om å få vurdert om det kan lagast ei brukarundersøking som tar for seg brukarar sine erfaringar i grensesnittet prehospitale tenester. Både daglegevakt, legevakt, ambulanse og ambulansebåt. Helse Førde hadde brukarundersøking i fase 1 av prehospital plan. Ein kan ev sjå om det er råd å tenke noko tilsvarande, med noko utviding. Dette setjast opp som eit aksjonspunkt.

Helse Førde ber om snarleg tilbakemelding på referatet.

### **Aksjonspunkt**

- Neste evalueringsmøte etter februar 2023.

- Helse Førde tar ut tal for luftambulansse/redningshelikopter Florø
- Kartlegge moglegheit for ei felles brukarundersøking
- Helse Førde vil sondere om det er aktuelt å kunne flytte beredskapsbil i Leirgulen til Svelgen. Vidare dialog med kommunen.
- Orientering i kommunestyre/lag/organisasjonar. Bremanger kommune kontaktar HFD om ev orientering.

Stian Sægrov  
referent